



Kommunane i Hordaland

## **Fjerning av bilvrak langs vegen og i naturen**

---

**Fylkesmannen oppfordrar kommunane til å bruke regelverket for å fjerne bilvrak. Bilparken i fylket aukar og det er viktig at returordningane fungerer godt.**

**Det er et aukande problem at uregistrerte bilar vert ståande til fare for miljøet og til sjenanse for omgjevnadane både i tettstadane og i naturen.**

**Bilar som står avskilta både langs veg og utanfor veg og som ikkje fungerer vil fort verte rekna som avfall. Både avskilta bilar og bilvrak kan fjernast med heimel anten i vegtrafikklova eller i forureiningslova. Det vil her vere viktig med eit godt samarbeid mellom kommunen, politiet, Statens vegvesen og parkeringsetatane.**

---

### **Bilvrak fører til forureining og risiko for ulykker og helseskade**

Ein avskilta bil vert fort rekna som avfall dersom den vert ståande anten langs veg eller i naturen. Born kan leike på den og skader kan oppstå. Den er skjemmaende, og i tillegg aukar faren for forureining frå farleg avfall som motorolje og andre kjemikalie i bilen.

### **Bruk vegtrafikklova til å fjerne kjøretøy utan lovlege kjennemerke**

Når ein bil er avskilta kan den ikkje vere parkert på offentleg eller privat veg skiltet med offentlege skilt lenger enn 14 dagar, jf. § 17 i vegtrafikkloven.

Det er og heimel i vegtrafikkloven til å fjerne registrerte biler som er attgløymt i lang tid, eller der ruter er knust, bilen står open eller liknande. Attgløymte utanlandskregistrerte bilar er eit aukande problem fleire stader.

Etter § 37 i vegtrafikkloven kan ein sende ein avskilta bil til godkjent bilvrakmottak utan å lagre dei i tre månader dersom bilen vert definert som vrak. Her gjelder reglane i forvaltningslova. I slike saker er det viktig at bilen vert taksert av takstmann som vrak. Er bilen taksert til å ha verdi, må den lagrast i tre månader før den kan seljast. Slik vert det praktisert i Oslo kommune.

### **Frist for vraking av kjøretøy for å sleppe årsavgift**

I år er vrakpanten satt til 3000 kroner, og frist for vraking av kjøretøy for å sleppe å betale årsavgift for 2015 er 20. mars. Vert bilen vraka mellom 21. mars og 30. juni vert årsavgifta halvert. Vi antek at fleire bilvrak vert levert inn kring desse datoane. Det vil i tillegg vere naudsynt med innsats frå kommunane som styremakt innan miljøvern og parkering og frå vegstyresmaktene å fjerna uregistrerte biler, avskilta biler og bilvrak frå vegane.

## Vi har fem bilvrakmottak i Hordaland

I Hordaland kan vi levere avskilta bilar og bilvrak til mottak på følgjande stader:

- Bjørke Bilopphogging i Voss kommune
- NGIR i Kjevikdalen i Lindås kommune
- Norscrap West AS på Hanøytangen i Askøy kommune
- Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna i Bergen kommune
- Stord Bildemontering AS i Sagvåg i Stord kommune

## Kommunane skal føre tilsyn med handteringa av avfall

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med forureiningssituasjonen. I 2010 fekk kommunane utvida fullmakt etter forureiningslova § 7 fjerde for å fjerne ulovleg lagra bilar og større maskiner, og Miljødirektoratet har laga ein eigen rettleiar om ulovlege avfallsplassar 2382/2008. Den finn du på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

## Meld tilbake til Fylkesmannen korleis din kommune handterer bilvrak

Vi ber om tilbakemelding innan 15. mai 2015 korleis bilvraka vert handtert i din kommune og korleis kommunen informerer innbyggjarane om korleis bilvrak skal handteras.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Mari Katrine Berg  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Indre Hordaland Miljøverk	Postboks 161	5701	VOSS
Hordaland politidistrikt	Postboks 285 Sentrum	5804	BERGEN
BIR	Postboks 6004 Postterminalen	5892	BERGEN
Bjørke Bilopphogging	Bjørkemoen 56	5700	VOSS
Norscrap West AS	Hanøytangen 122	5310	HAUGLANDSHELLA
FjellVAR AS	Postboks 264	5342	STRAUME
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
SIM	Svartasmoget	5419	FITJAR
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Norsk Gjenvinning Metall AS	Storaneset 42	5260	INDRE ARNA
Autoretur AS	Postboks 236 Økern	0510	OSLO
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN